



VESTRE SLIDRE KOMMUNE

Handlings- og økonomiplan 2023-2026

Vedtøken i kommunestyret

16. desember 2022

Innhold

Innleiing	3
Planprosessen.....	4
Demografi.....	5
FNs 17 berekraftsmål	10
Økonomiske måltall.....	11
Netto driftsresultat.....	11
Disposisjonsfondet	11
Lånegjeld	12
Handlingsplan – økonomiplan 2023-2026	12
Handlingsplan 2023-2026.....	12
Helse og oppvekst	14
Drivkrefter for vekst og utvikling.....	15
Hytteutvikling	16
Regionalt samarbeid.....	16
Klima, energi og miljø.....	16
Inkludering.....	17
Samfunnstryggleik og beredskap	17
Nye tiltak og aktivitet	18
Salderingstiltak	20
Bevilling drift netto.....	21
Driftsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026	21
Inntektene i planperioden.....	21
Eigedomsskatt	22
Kraftinntekter	22
Andre inntekter	22
Driftskostnader.....	23
Lønnskostnader	23
Andre driftskostnader	23
Finans.....	23
Interkommunale samarbeid	24
Netto driftsresultat.....	26
Bevilling investering – prosjekt	26
Økonomisk oversikt – drift	29
Oversikt over gjeld og andre vesentlege forpliktelser	30
Verksemdsplan 2022	31

Planverket.....	32
Organisering av virksomheten	32
Politisk organisering	32
Administrativ organisering	32
Personaloversikt	32
Virksomhetsplan per tjenestoområde	33
Politisk styring, råd og utval	33
Administrasjonen- stab og støtte.....	33
Barnehage	34
Grunnskule	36
Kulturskule.....	38
Kultur, frivillighet, inkludering og aktivitet for barn og unge.....	40
Pedagogisk avdeling, Leirskule	43
Barnevern	44
Førebygging og behandling	46
Pleie og omsorg - Sjukeheimen	50
Heimetenesta	54
Miljøtenesta	56
Kommunale bygg.....	57
Teknisk drift.....	58
Teknisk forvaltning	59

Innleiing

Handlings- og økonomiplan for 2023 – 2026 med årsbudsjett for 2023, er eit resultat av eit omfattande arbeid i kommunen sin administrasjon. Utgangspunkt for arbeidet er rullering av gjeldende plan for 2022-2025 i forhold som er kome fram driftsåret 2022 og som vi tek med oss inn i 2023.

Arbeidet med budsjett og kommuneøkonomi er prega av nokre viktige faktorar. Tal innbyggjarar, aldersfordeling på innbyggjarane er to døme på slike faktorar. Aldersfordelinga seier automatisk noko om kva for tenester det er pårekeleg at kommune må tilby. Statistisk Sentralbyrå (SSB) kjem jamnleg med ei framskriving av befolkninga. For Vestre Slidre kommune er framskrivingen slik at innbyggjartal er relativt stabilt dei neste åra, men fordelinga mellom aldersgrupper syner at tal skulebarn går ned og tal eldre over 67 år går opp. Dette er tilhøve som har fått innverknad på rulleringa av handlings- og økonomiplan.

Vestre Slidre kommune må forvente auka etterspurnad etter pleie- og omsorgstenester dei neste ti åra. Utfordringa for Vestre Slidre kommune i planperioden blir å tilpasse ressursbruken i skulen til

det tal barn vi vil få framover. Inntektssystemet til kommunane førar til at Vestre Slidre kommune vil få ein liten auke i rammeoverføringane. Auka er ikkje tilstrekkeleg til å dekke den forventa utgiftsauken. Tal innbyggjarar er den viktigaste indikatoren når det gjeld overføring av midlar frå staten til kommunen. Kommunen må ha oversikt over utviklinga av tal innbyggjarar i dei ulike aldersklasser på kort og lang sikt, og planlegge eit føreseieleg og forsvarleg tenestetilbod ut frå dette.

Kommunen har gjennom nokre år styrt økonomi inn i mot stadig betre finansielle måltal. God økonomistyring har gjort det mogleg å bygge opp eit disposisjonsfond som i 2022 er forventa å vere på vel 30 % av brutto driftsinntekter. Oppbygginga har vore vurdert som naudsynt for å handtere auka finansutgifter utover i økonomiplanperioden. Kommunen har sett i gang store investeringar knytt til nytt helsetun og det ligg store utfordringar framføre oss innan vatn- og avløp.

I handlings- og økonomiplanen er det store endringar i nokre av dei sentrale forholda som virke på økonomien. Auka lånegjeld, auka rente, auka straumkostnadar på den eine sida. Stort tilskot frå husbanken, store kraftinntektar på den andre sida. Oppi dette er det forventningar om at verksemda tilpassar seg endringane i innbyggjersamansetning og samstundes tek innover seg dei målsettingar som er sett av kommunestyret i kommuneplanen sin samfunnsdel og andre overordna kommunale planar.

Kommunedirektøren har lagt inn forslag om nokre nye tiltak og aktivitetar både på drift og investering og samstundes gjort mindre justeringar knytt til m.a. forventa nedgang i tal elevar på skulen.

Økonomisk oversikt syner eit budsjettmessig meir-/mindreforbruk i balanse iht myndigheitskrav om å ha budsjettbalanse. Netto driftsresultat er ikkje tilfredsstillande. Over tid bør netto driftsresultat vere cirka to prosent av brutto driftsinntektar. I 2023 og 2024 vil Vestre Slidre kommune budsjettere med eit negativt netto driftsresultat. Det er eit mål sett av kommunestyret at driftsresultatet skal i balanse frå 2025. Dette vil krevje ei omstilling av drifta der reduksjon av kostnader er sentralt. Det er lagt inn mindre kraftinntekter for åra frå 2024-2026 ift 2023. Etter retaksering er eigeidomskatteinntekten frå 2025 lagt inn med same nivå som før lovendringa i 2021. Gjennom planperioda vil kommunen sitt disposisjonsfond bli nytta til å skape økonomisk balanse. Med ei vellukka omstilling vil disposisjonsfondet framleis ha ein tilfredsstillande storleik ved utgangen av planperioden.

Kommunen må ha fokus på god økonomistyring frametter. Omstillinga vil vere krevjande for både politisk og administrativ leiing og ikkje minst for dei tilsette i kommunen sine ulike verksemdar og tenestoområder. Det er likevel slik at kommunedirektøren meiner at handlings- og økonomiplanen legg opp til at innbyggjarane skal oppleve at tenestetilbodet er godt.

Planprosessen

Handlings- og økonomiplanen er kommunen sitt viktigaste styringsdokument. Arbeidet med dokumentet er eit av administrasjonen sine mest sentrale arbeidsoppgåver. Arbeidet med planen tek utgangspunkt i kommunen sine overordna planar. Det har for denne planen vore eit særskild fokus på å få synleggjort ein raud tråd mellom dei overordna planane, særleg kommuneplanen sin samfunnsdel, og handlings- og økonomiplanen.

Formannskapet har i møter både i juni og august vore involvert for å gje sine politiske føringar. Administrasjonen har gjeve bidrag frå sine ulike områder. Tillitsvalde og verneombod har fått anledning til å gje sine innspel.


Følgande kjelder har vore nytta for å hente føresetnadar og føringar:

- Kommuneplanen – samfunnsdel og arealdel
- Kommunedelplanar
- Budsjett- og økonomiplan 2022-2025
- Årsrapport og årsrekneskap for 2021
- Tertialrapport for kommunen si drift for 2.tertial 2022
- Kommuneproposisjonen og regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2023
- Kommunestyrevedtak gjennom 2022 med føringar for kommande år

Demografi

Utvikling i tal innbyggjarar og alderssamansetningen (demografi) har stor innverknad på kommunen sine utgifter og inntekter. Vestre Slidre kommune har hatt ein nedgang i tal innbyggjarar dei siste åra. Det ser ut til at talet vil stabilisere seg om ein legg SSB sitt hovedalternativ for framskriving av befolkning til grunn. I dette kapitlet er det nytta diagram frå KS sin demografimodell.


Tabellen nedanfor syner utvikling i folketal frå 2013 og fram til 2032.



Figuren nedanfor syner prosentvis endring i i folketal for perioden 2013 – 2032 fordelt på ulike aldersgrupper. Tal eldre vil auke medan tal barn i skulepliktig alder vil gå ned.

Utvikling folketall 0-5 år, 6-16 år og 67 år + i kommunen per 1.1

(2022 = 0, SSB MMMM-alternativ)




Nedgangen i aldersgruppen 6-15 år tilseier eit redusert utgiftsbehov innan tenestemråda som tener barn og unge i denne aldersgruppa. Auken i aldersgruppa 67 år og eldre tilseier et auka utgiftsbehov for tenestemråder for helse og omsorg.

Diagrammet nedanfor syner endring i tal i dei eldste aldersgruppene. Diagrammet syner at veksten i hovudsak skjer i aldersgruppa eldre enn 80 år.

Utvikling folketall 67-79 år, 80-89 år og 90 år + i kommunen per 1.1


(2022 = 0, SSB MMMM-alternativ)



Endringene i befolkningsammansetning vil føre med seg endringar i kommunen sitt utgiftsbehov og inntekter. Utan auke i inntekter må utgiftsbehovet innan pleie og omsorg og barnehage bli finansiert med eit redusert utgiftsbehov i grunnskulen. Diagramma nedanfor syner prosentvise endringar i kommunen sitt utgiftsbehov totalt, innan pleie og omsorg, grunnskule og barnehage i perioda 2022 – 2032.


Endret utgiftsbehov demografi - kommunen - 2022 - 2032

(målt ved inngangen til det enkelte år)




Utgiftsbehov demografi i alt


(målt ved inngangen til det enkelte år)




Utgiftsbehov demografi pleie og omsorg (målt ved inngangen til det enkelte år)



Utgiftsbehov demografi grunnskole (målt ved inngangen til det enkelte år)





Samla endring i planperioden 2023-2026 er liten, men endringane på dei ulike områda er tydelege og vil vere grunnlag for å gjere endringar mellom områda om ikkje inntektane auker slik at behova innan helse og omsorg blir dekt derigjennom.

I tabellen nedanfor er prognosen for innbyggartal lagt til grunn ved berekning av utgiftsbehov og inntekter i form av skatt og rammetilskudd frå Staten i økonomiplanperioden.

Befolkningsfremskriving per 1.1 - standard er SSB - MMMM alternativet

	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
0-1 år	34	32	35	35	36	36	36	37	37	37	37
2-5 år	65	70	71	76	74	73	76	76	77	79	79
6-15 år	223	211	195	183	177	175	178	184	185	192	192
16-18 år	79	79	85	79	80	73	66	58	58	54	56
19-20 år	47	44	48	50	52	51	50	48	46	38	35
21-22 år	42	49	48	45	46	48	48	48	48	45	43
23-29 år	158	159	155	161	152	153	147	147	143	143	139
30-34 år	109	120	130	130	134	125	121	115	113	107	109
35-49 år	368	346	354	351	354	369	369	377	384	389	395
50-66 år	554	566	556	560	538	536	534	514	507	502	490
67-79 år	305	311	315	319	338	335	336	346	337	342	352
80-80 år	107	114	115	119	126	127	132	139	156	161	161
90 år og eldre	20	20	20	19	18	22	27	29	26	28	31
Sum innbyggere	2 111	2 121	2 127	2 127	2 125	2 123	2 120	2 118	2 117	2 117	2 119

Anslag årleg endring i kommunen sitt utgiftsbehov (i 1000 kr) per tenesteområde som følgje av endringar befolkningsamansetning.

Endring								SUM
utgiftsbehov per 1.	Pleie- og omsorg	Grunnskole	Barnehage	Sosial	Kommunehelse	Barnevern	VESTRE SLIDRE	
2023,00	1783,28	-1887,06	1018,73	9,21	103,26	-100,51		926,91
2024,00	522,35	-2516,08	421,38	106,00	44,12	-116,18		-1538,41
2025,00	582,83	-1887,06	1146,76	7,33	13,41	-126,42		-263,16
2026,00	1784,59	-943,53	-394,69	-120,65	143,20	-76,10		392,81
2027,00	1668,90	-314,51	-229,35	31,16	-9,51	-71,06		1075,63
2028,00	2943,03	471,77	688,05	-102,09	66,89	44,03		4111,67
2029,00	2508,41	943,53	64,01	-160,04	110,06	46,38		3512,35
2030,00	1627,74	157,26	229,35	-32,13	47,27	17,97		2047,45
2031,00	1917,78	1100,79	458,70	-107,90	63,38	49,58		3482,33
2032,00	1667,95	0,00	0,00	-49,61	77,76	-14,81		1681,29
Sum 2023-2032	17006,85	-4874,91	3402,95	-418,71	659,83	-347,13		15428,89

Demografimodellen er primært laga for å syne forventa utviklingstrekk for brutto utgiftsbehov framover. Når modellen blir nytta må ein vere varsom med å legge for stor vekt på utvikling i det einskilde år. Framskrivingene for einskild år vil vere usikre, men og svært følsomme for avvik mellom framskriving og faktisk befolkningsutvikling.

Sjølv om det er usikkerheit for dei einskilde åra syner modellen at det vil verre behov for omdisponeringar mellom kommunen sine tenesteområdar. Utviklinga i demografi og eit bevisst forhold til ei forventa utvikling er vktig i kortsiktig og langsiktig planlegging av drift og investeringar.

Vestre Slidre kommune går inn i ei periode med høg gjeldsgrad. Dette legg begrensningar på kommunen sitt økonomiske handlingsrom. Kommunen har vore gjennom ei periode med oppbygging av eit disposisjonsfond. Dette vil bidra til tryggleik i ei tid med svingningar i store postar på budsjettet. Detter er postar som kommunen har begrensa styring på samstundes som det skal gjerast ei omstilling.

FNs 17 berekraftsmål

FN sine berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar, og m.a. bidra til å sikre sosial rettferd, god helse og stanse tap av naturmangfald og klimaendringar.

Kommunen prioriterer tiltak mot barnefattigdom, god helse, god utdanning, reint drikkevatt og fokus på klima med naturmangfaldet over og under vatn.

Vårt arbeid med samfunns- og arealplaner, samt kommunedelplaner, skal rette seg etter FNs berekraftsmål.



Økonomiske måltall

Vestre Slidre kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir teken vare på over tid. I dette ligg det å utarbeide samordna og realistiske planar for eigen verksemd, økonomi og for samfunnsutviklinga i kommunen. Forvaltning av finansielle middel og gjeld skal skje på ein måte som ikkje inneber vesentleg risiko, og som sikrar at kommunen kan gjere opp for seg til ein kvar tid.

Økonomireglementet fastset kommunen sine overordna økonomiske føresetnadar og fullmakter.

Formannskapet vedtok i sak 072/22 følgande finansielle måltal

- 1) Vestre Slidre vil for åra 2023-2026 akseptera eit negativt netto driftsresultat som vert dekt inn frå disposisjonsfondet. Netto driftsresultat skal vere i balanse igjen i 2025.
- 2) Vestre Slidre har som målsetting at disposisjonsfondet ikkje skal være mindre enn 15 % av brutto driftsinntekter i planperioden 2023-2026.
- 3) Vestre Slidre har som målsetting at langsiktig gjeld ikkje skal overstige 125 % av brutto driftsinntekter i planperioden.

Netto driftsresultat

Budsjettet for 2023 viser eit netto driftsresultat på ca -7 mill kr . Dette utgjør -2,36 % av brutto driftsinntekter.

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2021	2022	2023	2024	2025	2026
9 Sum driftsinntekter	83 307 142	77 512 856	70 835 377	68 277 728	71 519 692	74 332 380
24 Netto driftsresultat	36 990 277	-5 523 461	-6 677 481	-2 908 869	2 890 744	2 461 468
Netto driftsresultat i % av driftsinntektene	12,86 %	-2,34 %	-2,36 %	-1,15 %	1,11 %	0,95 %

Vestre Slidre har hatt som målsetjing at netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter. Kommunen har hatt gode resultat i åra som har vore, og netto driftsresultat har vore over den forventa målsetjinga. I åra som kjem vil finanskostnadene auke på grunn av auka låneopptak, og formannskapet har i sak om finansielle måltal akseptert negative driftsresultat for budsjettåra 2023 og 2024. Formannskapet har vidare sett som mål at drifta skal vera i balanse frå 2025.

Disposisjonsfondet

Etter fleire år med positive økonomiske resultat, har Vestre Slidre kommune eit ganske solid disposisjonsfond. Disposisjonsfondet ved utgangen av 2022, før disponering av eventuelt mindre- eller meirforbruk, vil ligge på ca. 83 mill kr. Dette vil i så fall utgjere ca. 23,6 % av brutto driftsinntekter.

Vestre Slidre si målsetjing er at disposisjonsfondet skal utgjere minst 20 % av brutto driftsinntekter. Ved inngangen av 2022 var disposisjonsfondet på 83 mill kroner, Dette er ca 33 % av brutto driftsinntekter, då er det ikkje tatt høgde for bruk av disposisjonsfondet til meirforbruket i 2022 og i 2023. Slik sett så har kommune «pengar på bok» til å møte dei litt trange åra fram til 2025. I 2025 vil nytaksering av eigedomsskatten kunne gje eit løft på inntektsida slik at kommune då vil være i balanse.

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Disposisjonsfond	83 303 100	77 508 812	71 496 271	68 938 620	72 180 582	74 993 268
Disposisjonsfond i prosent av inntektene	28,96 %	32,79 %	25,31 %	27,22 %	27,82 %	28,85 %

Lånegjeld

Investeringane i 2023 vert i hovudsak finansiert med tilskot. Dette er tilskotet frå husbanken i samband med at Helsetunet skal stå ferdig i hausten 2023. Det som ikkje er finansiert med tilskot er finansiert med mva- kompensasjon og lån.

Det er sett på som ei god økonomisk målsetjing at total låneramme ikkje skal overstige 75 % av årlege driftsinntekter. Vestre Slidre har halde seg godt under dette målalet fram til no. Men som tabellen under viser, vil ein måtte rekne med at lånegjelda i perioden 2023 – 2026 og nokre år framover vil passere 100 % av brutto driftsinntekter.

Utvikling langsiktig gjeld					
	2022	2023	2024	2025	2026
Langsiktig lånegjeld pr. 31.12	294 286 828	286 886 349	289 895 171	310 675 659	315 492 814
Brutto driftsinntekter	236 385 916	282 515 411	253 257 411	259 462 411	259 962 411
I prosent av brutto driftsinntekter	124 %	102 %	114 %	120 %	121 %

Handlingsplan – økonomiplan 2023-2026

Handlings- og økonomiplan for 2023-2026 syner hovudtrekk og rammer for planlagt verksemd i Vestre Slidre kommune for dei komande fire åra. Handlingsplanen syner plangrunnlag og kommunestyret sine prioriteringar av aktivitetar og tiltak. Økonomiplanen syner dei økonomiske rammene for den same fireårsperioden delt på investeringar og drift med detaljert budsjett for det fyrste året i perioda, 2023.

Handlingsplan 2023-2026

Handlingsplanen baserer seg på:

- Mål og strategiar som står i kommuneplanen, kommunedelplanar og andre overordna kommunale planar.
- Føringar for tenesteproduksjonen, myndigheitsforvaltninga og samfunnsutviklinga som finns i form av einskildvedtak i kommunen sine styrande organ, i lovar og forskrifter, som ikkje er omtalt i kommunale planar.


Handlingsplanen er bygd etter dei ulike områda som er beskrive i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Hovudområda i samfunnsdelen er:

- Viktige samfunnsområder
 - Oppvekst
 - Helse og omsorg
 - Drivkrefter for vekst og utvikling
 - Bustad og tettstadsutvikling
 - Næringsutvikling og sysselsetting
 - Hytteutvikling

- Regional samarbeid
- Gjennomgående tema
 - Klima, energi og miljø
 - Inkludering
 - Samfunnstryggleik og beredskap

Det er eit mål å få til ein god samanheng mellom kommunen sine overordna planar og handlings- og økonomiplan. Bevilgningsoversikten gjer oss denne fordelinga av dei økonomiske ressursane:



Bevilgningsoversikt drift etter budsjett - og rekneskapsforskrift § 5-4 andre ledd	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Bevilgning drift, netto budsjettområde politisk leiing	2 210 915	2 468 947	2 320 467	2 443 947	2 320 467
Overføring til investering					
Bruk av bundne driftsfond					
Bruk av disposisjonsfond					
Sum budsjettområde politisk leiing	2 210 915	2 468 947	2 320 467	2 443 947	2 320 467
Bevilgning drift, netto budsjettområde adm, stab, fellesfunksjonar	23 009 556	24 616 764	24 616 764	24 616 764	24 616 764
Overføring til investering					
Bruk av bundne driftsfond		-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Bruk av disposisjonsfond					
Sum budsjettområde stab og støtte	23 009 556	24 416 764	24 416 764	24 416 764	24 416 764
Bevilgning drift, netto budsjettområde oppvekst	47 058 676	46 758 915	38 054 564	38 054 564	38 054 564
Overføring til investering					
Bruk av bundne driftsfond	-	-653 722	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-50 000				
Sum budsjettområde oppvekst	47 008 676	46 105 193	38 054 564	38 054 564	38 054 564
Bevilgning drift, netto budsjettområde kultur og aktivitet barn og unge	-	10 126 850	10 091 850	10 091 850	10 091 850
Overføring til investering					
Bruk av bundne driftsfond	-	-535 000	-535 000	-535 000	-535 000
Bruk av disposisjonsfond					
Sum budsjettområde kultur og aktivitet for barn og unge	-	9 591 850	9 556 850	9 556 850	9 556 850
Bevilgning drift, netto budsjettområde helse og omsorg	72 669 220	86 580 985	76 668 269	76 668 269	76 668 269
Overføring til investering					
Bruk av bundne driftsfond	-25 000				
Netto avsetning til eller bruk av disposisjonsfond					
Sum budsjettområde helse og omsorg	72 644 220	86 580 985	76 668 269	76 668 269	76 668 269
Bevilgning drift, netto budsjettområde Landbruk, Næring, Tekniske Ten	10 653 793	24 479 220	17 011 353	17 011 353	17 011 353
Overføring til investering					
Bruk av bundne driftsfond	-1 129 173	-1 041 218	-1 041 218	-1 041 218	-1 041 218
Bruk av disposisjonsfond		-150 000			
Sum budsjettområde Plan, Teknisk, Miljø og Samfunnsutvikling	9 524 620	23 288 002	15 970 135	15 970 135	15 970 135
Bevilgning drift, netto budsjettområde Kyrkjeleg Fellesråd	3 110 000	-	-	-	
Overføring til investering					
Bruk av bundne driftsfond					
Bruk av disposisjonsfond					
Sum budsjettområde kyrkjeleg fellesråd	3 110 000				
Bevilgning drift, finans	6 816 093	3 554 000	-3 013 000	-3 013 000	-3 013 000
Overføring til investering					
Bruk av bundne driftsfond					
Bruk av disposisjonsfond					
Sum budsjettområde Finans	6 816 093	3 554 000	-3 013 000	-3 013 000	-3 013 000
Sum bevilgninger drift, netto	165 528 253	198 585 681	165 750 267	165 873 747	165 750 267
Sum overført til investering					
Bruk av bundne driftsfond	-1 154 173	-2 429 940	-1 776 218	-1 776 218	-1 776 218
Bruk av disposisjonsfond	-50 000	-150 000			
Sum budsjettområdene	164 324 080	196 005 741	163 974 049	164 097 529	163 974 049

Helse og oppvekst

Ein stor del av kommunen si verksemd er knytt til Helse og oppvekst. Organisatorisk i administrasjonen er Helse og omsorg og Oppvekst og kultur no slege saman. Inna området ligg, barnehage, skule, helse, omsorg og sosialtenester, kultur og kulturskule. Området nyttar 73 prosent av det årlege kommunale driftsbudsjettet.

Tenesteproduksjonen går føre seg etter ei betydeleg mengde lover og forskrifter, samt kommunale planar.

Kommunen har følgande planar innafor området:

- Kommunedelplan helse og omsorg
- Kommunedelplan oppvekst
- Folkehelseoversikt
- Handlingsplan for idrett og friluftsliv
- Trafikktryggleiksplan

Følgande tiltak blir prioritert i 2023-2026:

- Vidareutvikle det tverrfaglege arbeidet for å sikre at utsette familiar får hjelp til å betre omsorgssituasjonen så tidleg og raskt som mogleg.
- Drive god rekruttering av medarbeidarar og sikre at tenestetilbodet har høg fagleg kvalitet med profesjonelle og kompetente tilsette som søker utvikling gjennom refleksjon og endring.
- Ha eit heilskapleg perspektiv i all planlegging som rør barn og unge, med vekt på førebyggjande verksemd og tidleg innsats.
- Jamn og god drift i barnehagar og skule støtta av utviklingsarbeid einingane driv med
- Vidareutvikle sentrumsområda til å vere gode stader å vere
- Oppretthalde gode tilbod til barn og unge lokalt i Vestre Slidre, og samtidig fremje regionalt samarbeid på relevante områder
- Utarbeide og vedlikehalde folkehelseoversikta
- Styrke førebyggjande innsats for psykisk helse i alle aldersgrupper.
- Arbeide for auka arbeids- og aktivitetstilbod til ulike grupper av befolkninga uavhengig av alder og etnisitet.
- Sikre heimetenestetilbod, institusjonsplassar og bustader med heildøgnsomsorg i takt med befolkningsutviklinga, lokalt og regionalt.
- Oppretthalde desentraliserte tenestetilbod i Vestre Slidre, med supplerande spesialiserte interkommunale tenester

Drivkrefter for vekst og utvikling

Demografi og utviklinga på folketal syner ei langsiktig svak utvikling. Bustad-, tettstads-, næringsutvikling og sysselsetting er viktige område å arbeide innanfor om kommunen skal vere i stand til å handtere dei utfordringar demografiutviklinga gjer mtp kommunal tenesteyting og kommunen som ein attraktiv stad å bu, vekse opp og leve eit langt liv.

Innan området har kommune følgande planar:

- Bustadstrategi
- Trafikktryggleiksplan

I kommunen sin planstrategi står kommunedelplan næring og verdiskaping på lista over planar som skal utarbeidast i inneverande kommunestyreperiode.

Følgande tiltak blir prioritert i 2023-2026:

- Halde kontakt med personar som ynskjer å flytte til Vestre Slidre og ta vare på og følgje opp dei som kjem hit.
- Følgje opp strategien for bustadbygging
- Vidareutvikle samarbeidet mellom kommuneadministrasjonen, grunneigarar, eigedomsutviklarar, næringsaktørar og hytteeigarar for å stimulera til aktivitet som gjer Vestre Slidre til ein attraktiv stad å bu, arbeide og besøke.
- Fylgje opp NTP for utbetring av E16 og andre aktuelle vegstrekningar.
- Styrke sentrum i Slidre og Røn for å skape grobotn for handelsverksemd, møteplassar og arenaer for kulturell aktivitet.
- Stimulere til oppretting av fleire aktivitetar og serveringstilbod i kommunen.
- Samarbeide med grunneigarar, næringslivsaktørar og hytteeigarar om etablering av felles prosjektar for verdiskaping i kommunen.
- Tenkje langsiktig når det gjeld utvikling og utnytting av teknologi og støtte regionale satsingar på breibandutbygging og mobilteknologi i Valdres.
- Greie ut framtidig bruk av eksisterande sjukeheim

Hytteutvikling

Vestre Slidre har målsettingar om å bidra til at Valdres blir Noregs mest attraktive hytte- og turområde.

Følgande tiltak blir prioritert i 2023-2026:

- Støtte oppunder utviklinga av Vaset i samarbeid med relevante aktørar.
- Prioritere hytteutvikling i allereie regulerte hyttefelt og ivareta stølsområda som landbruksressursar for dyrehald.
- Styrke samarbeidet mellom Vestre Slidre kommune, grunneigarar, næringslivsaktørar og hytteeigarar gjennom dialog og felles utviklingsprosjekt.
- Involvere hytteeigarar som ein ressurs i kommunens aktivitetar.

Regionalt samarbeid

Valdreskommunane driv utstrekt regionalt samarbeid både innan kommunal tenesteyting og kommunal og regional utvikling.

Følgande tiltak blir prioritert i 2023-2026:

- Ta initiativ til samarbeid og støtte oppunder ein samarbeidskultur i regionen.
- Bidra til regional satsing på landbruk og lokal matproduksjon.
- Jobbe for utarbeiding av felles planar for mellom anna samfunnsutvikling; folkehelse; miljø, energi og klima; forvaltning av kulturminner; bustadbygging og næringsutvikling.
- Saman med dei andre kommunane i Valdres, identifisere dei ulike kommunane sitt komparative fortrinn og synleggjere dei unike kvalitetane i kvar kommune innafor Valdres som region, både som bu- og hyttekommune.
- Framsnakke nabokommunane og feire vekst og utvikling i heile regionen.

Klima, energi og miljø

Vestre Slidre kommune har ambisjonar knytt til klima og miljøområdet. I planstrategien er klima og miljøplan på lista over planar som skal bli utarbeidd i inneverande kommunestyreperiode.

Følgande tiltak blir prioritert i 2023-2026:

- Utarbeide klima- og miljøplan

- Redusere lokal miljøforureining, mellom anna ved å velje energikjelder som bidreg til at CO₂-utslepp reduserast nasjonalt.
- Ta initiativ, leiing og ansvar i lokalt og regionalt arbeid med miljø- og klimatiltak og bidra i revisjon av regional energi- og klimaplan.
- Bidra til økt kunnskap og miljøriktige handlingar gjennom målretta saksbehandling og informasjon om ressursar og energibruk.
- Styrke omsetjing og bruk av lokale råvarer for å redusere transportbehov.
- Legge til rette for arealbruk som reduserer energiforbruk og utslepp av klimagassar.
- Ta miljø- og klimaomsyn i all planlegging, utbygging, renovering og saksbehandling.
- Prioritere tiltak for å oppfylle Vassdirektivet.
- Gjennom beredskapsarbeid peike på nødvendige klimatilpassingar som følgje av meir ekstremvær.

Inkludering

Vestre Slidre kommune ynskjer å engasjere heile lokalsamfunnet til ei positiv utvikling av kommunen. Arbeid med lag og foreiningar, kultur, flyktningar og stort frivillig engasjement er sentralt for å nå kommunen sine målsettingar på dette området og andre områder. Inkludering skal inngå i alt kommunalt planarbeid og det ikkje lagt opp til noko eigen plan på området.

Følgande tiltak blir prioritert i 2023-2025:

- Styrke samarbeidet mellom kommunale tenester, frivilligsentralen, kultursektoren og innbyggjarar for å ta godt vare på dei som flytter til Vestre Slidre.
- Vidareutvikle tenester, opplæringstilbod og integreringsverksemd for flyktningar.
- Vidareutvikle Frivilligsentralen som møteplass og arena for kontakt og samhandling rundt frivillig innsats i lokalsamfunnet.
- Oppmodne frivillige lag og organisasjonar til å tilretteleggje for personar med nedsett funksjonsevne i tilboda deira.
- Sikre at arealplanlegging ivaretek krava til utforming av eit tilgjengeleg og inkluderande samfunn gjennom aktiv bruk av reguleringsbestemmingar, informasjon og tilsyn ved utforming av bygningar og utearealar, sentralt og i fjellområdene.
- Tilby opplæring for utval og saksbehandlarar i kommunen om hvordan dei kan bidra til inkludering og universell utforming gjennom sitt arbeid og utøving av si rolle.
- Konsultere representantar for barn og unge, eldre og personer med nedsett funksjonsevne i forbindelse planprosessar slik at omsyn til spesielle behov vert ivareteken.

Samfunnstryggleik og beredskap

Verda vi lever i utfordrar oss på eit heilt anna plan enn tidlegare. Alle i Vestre Slidre skal ha det trygt og godt. Følgande planar gjeld for dette området:

- Overordna beredskapsplan
- Heilskapleg RoS
- Atomberedskapsplan
- Plan for evakuering og pårørandesenter
- Samt ei rad underplanar

Følgande tiltak blir prioritert i 2023-2026:

- Øving kriseleiing

- Øving samvirke i samarbeid med RKH

Nye tiltak og aktivitet

Krav til budsjettbalanse er absolutt, dette gjelder for hele økonomiplanperioden. Kravet innebær prioritering av tiltak. Kva for tiltak som skal bli gjennomført på kva for tidspunkt er ei politisk prioritering.

Nye tiltak og aktivitet	Budsjett	Økonomiplanperioden		
	2023	2024	2025	2026
(Tal i heile tusen)				
To kommunalt tilsette leger (omgjering frå sjølvstendig næringsdrivande)	2 000	2 000	2 000	2 000
Vaktmester helsetun	600	600	600	600
Styrking psykisk helseteneste	-	-	-	-
Kulturkafevert	-	-	-	-
Rekruttering medarbeidarar	700	700	700	700
Stipend- overlapping				
Rekruttering innbyggjarar				
Planarbeid Slidre sentrum – bustadbygging sentrumsnært (investering)	4 000	2 000	2 000	
Aktiv laurdag	-	-	-	-
Vaset vekst SA – utvikling og drift av fellesgodetiltak	300	300	300	300
Kommunedelplan klima og miljø	200	200	200	200
Tilbod ungdom Mekkeklubb	150	150	150	150
Treningstilbod for eldre	-	-	-	-

Kommentarar til dei ulike tiltaka:

To kommunalt tilsette leger

Kommunen har til no hatt leger som har vore kommunalt tilsette og nokre er næringsdrivande. Det er eit ynskje frå kommunen si side å ha ein eins praksis for alle legane. Omgjering av legar frå næringsdrivande til fast kommunalt tilsette gjer auke i lønnskostnadane samstundes gjer avtalane med legane om tilsetting ei inntekt i form av refusjonen via Helfo.

Vaktmeister helsetun

Det er vurdert å vere naudsynt med dedikert vaktmestar på nytt helsetun for å følgje opp innkøying av tekniske installasjonar i bygget og utarbeide gode rutinar for drift av bygget.

Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste har stor pågang. Tenesta har og store oppgåver inna førebygging. For å sikre ei stabil teneste og sørge for eit tilgjengeleg tilbod for dei som treng det er det allereie rekruttert inn i ei ny stilling. Tiltaket blir synleggjort her som nytt tiltak.

Kulturkafevert

Kommuneplanen har målsettingar om å gjere kommunen til ein attraktiv stad å bu og leve. Det er ei målsetjing at kulturkafeen skal vera open i større grad enn i dag. Dette vert gjort ved hjelp av frivillige og ei omgjering av arbeidsoppgåver for dei tilsette på kultur. Tiltaket blir gjennomført utan tilføring av nye midlar.

Rekruttering medarbeidarar

Kommunen har, på line med kommunane rundt oss, store utfordringar knytt til rekruttering av medarbeidarar til ei rekke stillingar. Det er lagt inn midlar som kan bidra til å støtte oppunder rekrutteringsarbeidet. Stipend til studentar i utdanning retta mot stillingar kommunen har behov for samt midlar til overlappingsordningar ved planlagt avgang for medarbeidarar i stillingar det er krevjande å rekruttere til er lagt inn i budsjettet. Stipendordning kan utformast som eit kronebeløp pr utdanningsår med avtale om arbeid i feriar og helgar (der det er aktuelt) med tilhøyrande tilsetjing ev med bindingstid i etterkant av utdanning. For å få til gode overlappingsordningar er det naudsynt med god dialog med dei tilsette og godt arbeid ut mot aktuelle stader å rekruttere nye tilsette, t.d. utdanningsinstitusjonar.

Rekruttering av innbyggjarar (investering)

Bustadstrategien er utarbeidd m.a. for å gjere det mogleg for nye innbyggjarar å få ein stad å bu. Oppfølging av strategien er lagt inn i investeringsbudsjettet. Kjøp av grunn, kjøp av bustadar, utvikling av bustadområde er tiltak som kan vere mogleg med dei midlar som er lagt inn i investeringsbudsjettet.

Aktiv laurdag

Aktiv laurdag er eit populært tiltak som samlar innbyggjarar i ulik alder til sosialt samvær og aktivitet. Tiltaket blir sett på som ein viktig møteplass for kommunen sine innbyggjarar. Tiltaket krev noko ressursar frå kommunen si side men økonomisk er tiltaket ikkje særleg kostnadskrevjande. Det er derimot avhengig av tilgjengelegheit på ein del nøkkelpersonell som det må innarbeidast løysingar for å få på plass.

Utvikling av Vaset som et attraktivt hytteområde

Kommuneplanen sin samfunnsdel seier at det prioriterte hytteområdet til kommunen er Vaset. Planen seier vidare at kommune skal støtte oppunder utviklinga av Vaset i samarbeid med relevante aktørar. Utvikling av Vaset kan m.a. bety utvikling og igangsetjing av fellesgodetiltak. Det ligg forventningar om utvikling av fellesgodetiltak gjennom avsetningar i utbyggingsavtalar. Samordning av idear om fellesgodetiltak, koordinering av prioritering av slike tiltak samt utvikling og jennomføring av fellesgodetiltak er ressurskrevjande. Vaset vekst SA kan vere ein naturleg aktør å spele på for å arbeide mot dei kommunalt sette måla for Vasetområdet. Midla det er gjort framlegg om kan saman med tilsvarande midlar frå Vaset vekst SA sine medlemsbedrifter gjere det mogleg å tilsette ein person som kan handtere desse oppgåvene. Det vil vere ei stilling som kan handtere desse samordnings- og oppfølgingsoppgåvene og skape framdrift i tiltak til beste for næringa, hyttebebuarar, andre besøkande og ikkje minst lokalbefolkninga.

Kommunedelplan klima og miljø

I følge planstrategien skal administrasjonen legge fram kommunedelplan for klima og miljø. Det vil krevje kompetanse og kapasitet som administrasjonen ikkje har fullt ut pr no. Planen er viktig og ein måte å få utarbeidd den på er å leige inn kvalifisert personell i tilstrekkeleg omfang.

Tilbod ungdom Mekkeklubb

Kyrkjeleg fellesråd har kome opp med ein ide om å etablere ein mekkeklubb for ungdom. I utgangspunktet som eit opplegg for ungdomar som har passert konfirmasjonsalder, men kan og tenkjast for noko yngre ungdomar. Mekkeklubbar treff ungdomar som ikkje har andre tilbod å gå til og kan vere eit godt tiltak for å aktivisere ungdomar på ein måte som dei likar. Det er gode erfaringar med tilsvarande klubbar andre stadar både i Valdres og andre delar av landet. Det er slik sett mykje og erfaring å spele på når eit tilbod skal utviklast. Tiltaket er tenkt som eit samarbeidsprosjekt med Vang kommune og det er dialog med eigar av Lomen Auto for bruk av deira lokalar.

Treningstilbod for eldre

Treningstilbod for eldre –1 gong pr halvår for hhv kvinner og menn med fysioterapeut. Innspel frå råd for brukarmedverknad. Tiltaket blir finansiert innanfor eksisterande rammer.

Salderingstiltak

Krav til budsjettbalanse er absolutt, dette gjelder for hele økonomiplanperioden. Kravet innebær prioritering av tiltak. Kva for tiltak som skal bli gjennomført på kva for tidspunkt er ei politisk prioritering.

Tabellen under syner kva for økonomisk utfordring som ligg inne i økonomiplanen for åra 2024-2026. Det nemnast at anslag for kraftinntekter er lagt lågt ift dei to siste åras inntekter. Nedanfor tabellen er nokre konkrete tiltak omtalt.

Bevilgningsoversikt drift etter budsjett - og rekneskapsforskrift § 5-4 andre ledd	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Nedtak pr avdeling
Sum budsjettområde oppvekst	47 008 676	46 075 193	38 054 564	38 054 564	38 054 564	8 020 629
Sum budsjettområde helse og omsorg	72 644 220	86 580 985	76 668 269	76 668 269	76 668 269	9 912 716
Sum budsjettområde Plan, Teknisk, Miljø og Samfunnsutvikling	9 524 620	23 188 002	15 970 135	15 970 135	15 970 135	7 217 867

Særskilte tiltak for å bidra til balanse framover:

Reduksjon stillingar skule

Nedgang i elevtal gjer det mogleg å ta ned tal stillingar på skulen. Tilbodet blir oppretthalde og reduksjonen søkast løyst ved naturleg avgang.

Eigedomskatt

Åra etter innføringa av eigedomskatt kom det nasjonale føringar både på takstgrunnlag og øvste promillesats for berekning av eigedomsskatt. Dette var ikkje ei yngskt endringar frå kommunen si side.

Desse to endringane tok ned samla inntekt på eigedomskatt med ca 30% eller ca 5 mill. Med verknad forl 2025 er det mogleg å endre takstgrunnlaget. Det vil difor i 2023-24 bli gjennomført ei retaksering. Det er i økonomiplanen teke høgde for ei auke i den totale inntekta via eigedomskatt slik at skattenivået kjem oppatt på same nivå som ved innføringa av eigedomsskatten.

Tiltak helse og omsorg

Innafor helse og omsorg vil det gå ut tenestetilbod frå og med 2024 som kommunen ikkje lenger har ansvar for.

Tenestegjennomgang

Kommunen må til ei kvar tid prioritere kommunen sine ressursar slik at desse blir forvalta på ein best mogleg måte. Kravet til omstilling, kontinuerleg forbetring og effektivitet ligg over oss. Utvikling i demografiske forhold syner oss at det vil være behov for store endringar i disponering av kommunen sin innsats.

Energiøkonomisering

Tilstandsvurderingar av kommunale bygg samt vurderingar av enøk-tiltak, solcelle, jordvarme mv vil bli arbeidd med kontinuerlig i planperioden.

Bevilling drift netto

Driftsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026

	Regnskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Driftsinntekter						
1 Rammetilskudd	80 753 080	77 000 000	82 000 000	82 000 000	81 500 000	81 500 000
2 Inntekts- og formuesskatt	74 585 549	70 000 000	75 000 000	75 000 000	76 000 000	76 500 000
3 Eiendomsskatt	11 043 140	10 672 581	10 695 000	10 695 000	16 400 000	16 400 000
4 Andre skatteinntekter	2 470 974	1 750 000	1 750 000	1 750 000	1 750 000	1 750 000
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	19 423 572	11 105 223	16 707 503	16 224 503	16 224 503	16 224 503
6 Overføringer og tilskudd fra andre	53 526 663	23 226 485	50 866 319	22 066 319	22 066 319	22 066 319
7 Brukerbetalingar	7 796 808	6 572 000	8 708 000	8 733 000	8 733 000	8 733 000
8 Salgs- og leieinntekter	38 064 892	36 059 627	36 788 589	36 788 589	36 788 589	36 788 589
9 Sum driftsinntekter	287 664 678	236 385 916	282 515 411	253 257 411	259 462 411	259 962 411
Driftsutgifter						
10 Lønnsutgifter	133 876 427	125 452 980	145 923 373	129 568 373	129 643 373	129 568 373
11 Sosiale utgifter	21 413 376	24 843 747	26 213 525	22 250 611	22 255 091	22 250 611
12 Kjøp av varer og tjenester	75 541 250	71 809 757	81 795 694	73 220 194	73 264 194	73 220 194
13 Overføringer og tilskudd til andre	15 510 995	10 717 893	15 240 500	10 523 500	10 523 500	10 523 500
14 Avskrivningar	9 711 109	9 500 000	14 000 000	14 000 000	14 000 000	14 000 000
15 Sum driftsutgifter	256 053 156	242 324 377	283 173 092	249 562 678	249 686 158	249 562 678
16 Brutto driftsresultat	31 611 522	-5 938 461	-657 681	3 694 733	9 776 253	10 399 733
Finansinntekter						
17 Renteinntekter	3 844 038	2 015 000	6 176 840	6 176 840	6 176 840	6 176 840
18 Utbytter	2 903 224	2 300 000	2 300 000	2 300 000	2 300 000	2 300 000
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0
20 Renteutgifter	2 659 862	2 900 000	14 956 162	15 489 264	15 222 837	15 198 927
21 Avdrag på lån	8 419 754	10 500 000	13 880 478	13 591 178	14 139 512	15 216 178
22 Netto finansutgifter	-4 332 354	-9 085 000	-20 359 800	-20 603 602	-20 885 509	-21 938 265
23 Motpost avskrivningar	9 711 109	9 500 000	14 000 000	14 000 000	14 000 000	14 000 000
24 Netto driftsresultat	36 990 277	-5 523 461	-7 017 481	-2 908 869	2 890 744	2 461 468

Inntektene i planperioden.

Statsbudsjettet legg rammene for størrelsen på skatteinntektene og rammetilskot. Det overordna målet med inntektssystemet er at alle kommunar skal vere i stand til å gje eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane. Det er store demografiske og geografiske skilnader i dei norske kommunane, og utgiftsutjamninga i inntektssystemet er meint å kompensere for ufrivillige kostnadsskilnader i tenesteproduksjonen i den enkelte kommune.

Skatteinntektene består av 2 komponentar naturressursskatt og personinntektsskatt.

Naturressursskatten er ein flat skatt som vert rekna ut etter gjennomsnittet i produserte kWh i kraftanlegga dei siste 7 åra, og er derfor upåverka av andre forhold. Nominell personinntektsskatt vert regulert i takt med inntektsutviklinga i landet. Den er også påverka av kva skatteøre som vert lagt til kommunane, i 2023 er det 11,15%. Veksten i skatteinntektene for kommunen må reknast å verta noko mindre enn landet elles som følgje av at naturressursskatten er ein flat skatt. Skatteinntektene for 2023 er budsjettert med kr 75 000 000.

Rammetilskotet til kommunen er påverka av to ting, både småkommunetillegget og inntektsutjamninga. Vestre Slidre Kommune er ein liten kommune med færre innbyggjarar enn 3200. Det er dette som gjer til at kommunen får eit småkommunetillegg på kr 6 257 000. Rammetilskotet for 2023 er budsjettert til kr 82 000 000.

For perioden 2023 til 2026 har administrasjonen lagt til grunn inntektsprognosane som KS har utarbeid.

Eigedomsskatt

Kommunestyret i Vestre Slidre har bestemt at det skal skrivast ut eigedomsskatt etter § 3a i eigedomsskattelova: faste eigedomar i heile kommunen. I skrivande stund har me ikkje motteke formuesvedien på kraftanlegga frå sentralskattekontoret for storbedrifter, men slik det ser ut så går desse inntektene litt ned. På den andre sida så ser me at det er ein jamn straum med nye hytter som gjer ekstra eigedomskatteinntekter. Dermed er dei budsjetterte eigedomsskatteinntektene for 2023 på kr 10 672 581.

Kraftinntekter

Vestre Slidre nyt godt av å vere ei kraftkommune. Kommunen har inntekt frå sal av konsesjons- og andelskraft frå bl.a. Lomen/Fasle og Åbjøra kraftstasjonar, m.fl. Omsetning av vår konsesjons- og andelskraft vert handtert av Valdres Energi/Markedskraft. Prisane på kraft har vore historisk høg i heile 2022 og det er forventa at dette vil fortsette også i 2023. Prognosane som kommunen har motteke frå Valdres energi tilseier at kommunen kan forventa ei nettoinntekt på kr 28 230 000.

I planperioden er det likevel ikkje lagt opp til ein slik auke i kraftinntektene då det er høgst usikkert korleis kraftprisen utviklar seg over tid.

I tillegg til omsetning av kraft, mottek kommunen sin andel av konsesjonsavgifter, utrekna av NVE.


Konsesjonsavgift er ei årleg avgift som eigar av kraftverka er pliktige til å betale til kommunar som er berørte av ei regulering eller utbygging av kraftverk.

Inntekter frå konsesjonsavgifta er kommunen pliktige til å nytta til næringsutvikling slik at denne inntekta vert overført til kommunen sitt kraftfond.

Andre inntekter

Andre inntekter består i hovudsak av eigenbetaling for tenester, kommunale gebyr, leigeinntekter, refusjon av sjukepengar, refusjon frå andre kommunar og statlege overføringar.

Driftskostnader



Lønnskostnader

Lønnskostnadane utgjer ca 52 prosent av driftskostnadene til kommunen.

Dei budsjetterte lønnskostnadane aukar med ca kr 21 mill frå 2022 til 2023. Noko av auken kjem frå oppretting av nye stillingar som for eksempel omgjering av legetenesta til kommunalt tilsette. Noko av auken kjem frå lønnsoppgjering for 2022 som var på 3,84%. I tillegg er det varsla ein auke i den faste tilleggsløna til turnusarbeidarane på 22 % som utgjer delar av dette. For å møte lønsauken i 2023 er det sett av kr 1 800 000.

Andre driftskostnader

«Kjøp av varer og tenester» inkluderer kommunens ordinære driftsutgifter som straum, forbruksmateriell, forsikring, drift av transportmiddel, i tillegg kjem vedlikhald av kommunale bygg og vegar, m.m. Kjøp frå interkommunale selskap og interkommunale samarbeid inkludert her. Dette gjeld b.a. kostnader til VLMS, felles lækjarvakt, jordmor, PPT-tenesta, NAV, IKT Valdres og Valdres Brann- og redningsteneste. Budsjetterte kostnader er basert på tilsendt budsjett frå dei interkommunale selskapa eller frå vertskommunen.

Finans

Finansinntekter består i hovudsak av bankrenter, renter på utlån og utbytte frå aksjepostar. Rentenivået er fortsatt lågt, men det er forventa ein auke i rentene utover i 2023, finansinntektene er budsjettert til kr 8 500 000.

Finansutgiftene består av renteutgifter og avdrag. For renteutgiftene har administrasjonen nytta kommunalbanken sine stipulerte budsjettrenter. Vidare så ligg nedbetalingstida på låna for det meste på 20 år, men frå 2020 har kommunen nytta nedbetalingstid på 30 år. I samband me bygging av nytt Helsetun aukar gjelda og dermed avdragene. Avdrag og rente på lån utgjer ein kostnad på kr 25,3 mill kroner i 2023, dette er ein auke på kr 11,4 mill samanlikna med 2022.

Utvikling finanskostnader						
	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Betalte avdrag i året	13 880 478	13 591 178	14 119 512	15 182 845	15 780 512	15 904 678
Rentekostnader	11 994 322	12 527 424	12 235 332	12 196 145	8 433 156	9 324 051
Finanskostnader	25 874 801	26 118 602	26 354 844	27 378 990	24 213 668	25 228 729

Interkommunale samarbeid

Tenester	Deltakarar	Eigarandel VSK	Vertskommune/	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Endring i %
Valdres-GIS	Alle valdreskomm.	12,2 %	Vang	kr 360 000,00	kr 360 000,00	0,00 %
Innkjøp Valdres og Forsikringsordningen for komm	Alle valdreskomm.	12,2 %	Sør-Aurdal	kr 120 000,00	kr 120 000,00	0,00 %
Valdres natur- og kulturpark	Alle valdreskomm.	12,2 %	Nord-Aurdal	kr 540 000,00	kr 734 700,00	36,06 %
IKA Opplandene (interkommunalt arkivdepot)	Kommunar og fylkeskommunar i Oppland og Hedmark	-	Oppland fk			
PP-teneste	Alle valdreskomm.	12,2 %	Nord-Aurdal	kr 1 026 000,00	kr 1 125 000,00	9,65 %
VLMS Bygg	Alle valdreskomm.	12,2 %	Nord-Aurdal	kr 552 000,00	kr 754 000,00	36,59 %
Jordmor	Alle valdreskomm.	12,2 %	Nord-Aurdal	kr 243 000,00	kr 244 000,00	0,41 %
Valdres legevakt	Alle valdreskomm.	12,2 %	Nord-Aurdal	kr 2 612 000,00	kr 2 933 000,00	12,29 %
Intermediær	Alle valdreskomm.	12,2 %	Nord-Aurdal	kr 2 082 000,00	kr 2 297 000,00	10,33 %
NAV Valdres	Alle valdreskomm.	12,2 %	Nord-Aurdal	kr 4 935 000,00	kr 3 943 000,00	-20,10 %
Rusmiddelarbeid/FACT	Alle valdreskomm.	12,2 %	Nord-Aurdal	kr 126 000,00	kr 128 000,00	1,59 %
Krisesenteret i Hønefoss	Alle Valdreskomm + Gran, Hole, Jevnaker, Krødsherad, Lunner, Modum, Ringerike, Sigdal		Ringerike	kr 220 000,00	kr 220 000,00	0,00 %
Felles Barnevernvakt	Alle Valdreskomm. + Ringerike, Hole, Jevnaker, Høi, Ål, Gol, Nes, Flå, Hemsedal		Ringerike	kr 150 000,00	kr 150 000,00	0,00 %
Alarmsentral 110	46 kommunar i Hedmark og Oppland	65 pr innb.	Hamar	kr 202 751,00	kr 212 000,00	4,56 %
Valdresmusea AS	Alle valdreskomm.	1,3 %	Driftstilskudd			
Valdres Energiverk AS	Nord-Aurdal, Øystre Slidre og Vestre Slidre	33,3 %				
Valdres Arbeidssenter AS	Alle Valdreskomm.	8,8 %				
Innlandet Energi Holding AS	Kommunar og fylkeskommunar i Oppland, Hedmark og Oslo	0,3 %				
Valdreslab AS	Alle valdreskomm + 11 bedrifter og 2 privatpersonar	11,0 %				
Valdres Næringshage AS	Alle valdreskomm + SIVA og næringslivet i Valdres	1,3 %	Via VNK			
Valdres kommunale Renovasjon IKS	Alle valdreskomm.	12,4 %	Deltaker med delt ansvar	selvkost	selvkost	
IKT Valdres IKS	Alle valdreskomm.	16,67 %	Deltaker med delt ansvar	kr 5 138 604,00	kr 5 637 000,00	9,70 %
Kommunerevisjon IKS/Innlandet Revisjon	Alle valdreskomm. + komm. i Hallingdal	8,33 %	Deltaker med delt ansvar	kr 678 000,00	kr 734 000,00	8,26 %
Valdres Brann- og redningstjeneste IKS	Vestre Slidre, Øystre Slidre, Vang, Etnedal, Sør-Aurdal	20,0 %	Deltakar med delt ansvar	kr 4 308 000,00	kr 4 739 000,00	10,00 %
Støttesenter mot incest og seksuelle overgrep (SM)	Gjøvik, Østre Toten, Vestre Toten, Søndre Land, Nordre Land, Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Etnedal, Vestre Slidre, Øystre Slidre, Vang, Lunner, Gran, Øyer og Lillehammer	7,14 %	Gjøvik			

Tabellen syner at kommunen deltek i fleire omfattande interkommunale samarbeid.

Kommunedirektør ynskjer å knyte nokre kommentarar til desse tenestene:

NAV Valdres

Inga endring i tenestetilbodet. Ny NAV-leiar er kommunalt tilsett mot statleg tidlegare, slik at stillingsårsverk er auka til 17,3 årsverk på NAV Valdres. Inga endring i tiltaksbudsjetta.

PPT

Det er lagt inn ei auke på 1 årsverk for budsjett 2023, total 9,85 årsverk. Auken utgjer kr. 750 000 Det vart i 2020 tilsett i to årsverk utan heimel, grunna stort sjukefråver. Sjukefråver er no veldig lavt, og det gjer det mogleg at fast bemanning aukar med eitt årsverk i staden for to årsverk. I tillegg held verksemda seg innafør budsjett for ekstraavgifter på kr. 300' gitt i budsjettet for 2022. SAKshandsamingstida er betydeleg redusert. Tenesta syner ei god utvikling.

VLMS

Dei regionale tenestene på VLMS blir vidareført på dagens nivå, med følgende unntak.

Valdres legevakt

Tiltak som ligger inne i budsjettet for 2023:

Det er for perioda 01.09.22 – 31.08.23 tilsett lege ved Valdres legevakt. Eit grovt overslag av eventuelle meirkostnadar ved denne tilsettinga samanlikna med at ein fastlege arbeider legevakt, er sett til kr. 200 000. Ei auke i legevaktgodtgjering, ny avtale, førebels berekna auke med kr. 1 800 000.

Intermediæravdelingen

Bortfall av medfinansiering frå SI av IMA-lege, auke i utgift kr. 400 000.

Regional kreftkoordinator

Inga endring i tenesta.

Økning i husleie og fellesutgifter VLMS.

IKT Valdres IKS

IKT Valdres har budsjettert med ein lågare refusjonssats for 2023 samanlikna med 2022.

Reduksjonen er ca kr 550 000.

Innlandet Revisjon IKS

Det er kontrollutvalet som bestiller desse tenestene, og kommunedirektør legg inn det budsjettalet som kontrollutvalet har gjort vedtak om.

Netto driftsresultat

Budsjettet for 2023 viser eit netto driftsresultat på ca -6,8 mill kr . Dette utgjer -2,36 % av brutto driftsinntekter.

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2021	2022	2023	2024	2025	2026
9 Sum driftsinntekter	83 307 142	77 512 856	70 835 377	68 277 728	71 519 692	74 332 380
24 Netto driftsresultat	36 990 277	-5 523 461	-6 677 481	-2 908 869	2 890 744	2 461 468
Netto driftsresultat i % av driftsinntektene	12,86 %	-2,34 %	-2,36 %	-1,15 %	1,11 %	0,95 %

Vestre Slidre har hatt som målsetjing at netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter. Dette målalet har vorte nådd dei siste åra. I åra som kjem vil finanskostnadene auke på grunn av auka låneopptak, og formannskapet har i sak om finansielle måltal akseptert negative driftsresultat for budsjettåra 2023 og 2024. Formannskapet har vidare sett som mål at drifta skal vera i balanse frå 2025.

Bevilling investering – prosjekt

I Handlings- og økonomiplanen for 2023-2026 er det planlagt investeringar i varige driftsmidlar slik tabellen nedanfor syner. Tabellen er delt slik at investeringar som ikkje påfører kommunen auka belastning i form av kapitalkostnadar eller auka driftsutgifter er lagt øvst i tabellen og merka VA.

Investeringsbudsjett 2023-2026 Inkl. mva (VA- inv. er uten mva)		Prosjekt	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Utviding Vaset vassverk	VA	284		10 000 000	10 000 000	
Bassengutvidelse Gomobu HB	VA	343	900 000			
Utbygging Båtåne	VA	344		2 000 000	1 500 000	
Vaset RA	VA	346		1 000 000	20 000 000	20 000 000
Hovedplan Vatn	VA	347	50 000			
Hovedplan Avløp	VA	348	50 000			
Sanering høgdebasseng	VA	349	1 000 000			
B-trase Brakastølen	VA	364	1 500 000			
Digitalisering av eiendomsarkivet i Valdres		350		500 000		
Helsetun		315	50 000 000			
Bustadfelt på Vaset		351		1 000 000	1 250 000	
Heis på U-steget - Vestre Slidre skule		354	625 000			
Oppgradering skulekjøkken		358	600 000			
Utvikling av B1, Lundeskogen, Vaset		359	4 000 000	2 000 000	2 000 000	
Utvikling Kunst og handverk		360	150 000			
Kommunale bilar		361	1 000 000	1 000 000		
Heisbar lysrigg Kulturskolen		362	350 000			
Oppgradering kommunale vegar		363	1 000 000		500 000	
Utstyr Helsetun		365	1 000 000			
Investering i aksjer (Eigenkapital KLP)		800	675 000	675 000	675 000	675 000
Sum investeringar			62 900 000	18 175 000	36 425 000	20 675 000

Utviding Vaset vassverk

Kapasiteten på vannbehandlingsanlegget på Vaset har ikkje tilstrekkeleg kapasitet. Det er difor sett av midlar til å gjere ei naudsynt utviding av anlegget.

Bassengutvidelse Gomobu HB

Det er planlagt utvidelse av høgdebasseng ved Gomobu

Utbygging Båtåne

Det er avsett midlar til vidare VA-tiltak i Båtånefeltet i tilfelle det blir aktuelt med vidare utbygging der.

Vaset RA

Prosjektering av nytt Vaset RA er i gang. Arbeidet vil gå parallelt med utarbeiding av hovudplan vatn og avlaup.

Hovudplan Vatn

Konsulentfirma er i gang med ny hovudplan vatn og det er forventa at planen skal vere ferdig oktober 2023.

Hovudplan Avløp

Konsulentfirma er i gang med ny hovudplan vatn og det er forventa at planen skal vere ferdig oktober 2023.

Sanering høgdebasseng

Høgdebassenget ovanfor Slidre sentrum er modent for oppgradering. Noverande basseng blir sanert når nytt basseng er bygd like ved.

Helsetun

Helsetunutbygginga går framover iht til plan. Helsetunet er forventet ferdig i juni/juli 2023.

Bustadfelt på Vaset

Det er avsett midlar til infrastruktur i bustadfeltet i tilfelle det blir aktuelt med utbygging der.

Oppgradering skulekjøkken

Med bakgrunn i eit tilsyn av mattilsynet i 2021 er det avsett midlar til å oppgradere skulekjøkkenet.

Utvikling av B1, Lundeskogen, Vaset

Det er avsett midler til oppfølging av bustadstrategien, herunder utvikling av bustadområdet B1 Prestgardsbekken. Det er og vore dialog med grunneigar av Lundeskogen mtp reguleringsplansarbeid for å legge til rette for bustadbygging der.

Utvikling Kunst og handverk

Mindre oppgraderingar av skulerommet kor faget kunst og handverk blir halde.

Kommunale bilar

Kommunen har behov for ei større utskifting/oppgradering av bilparken til heimetenesta og teknisk.

Heisbar lysrigg Kulturskulen

Der ein på faste kulturscener berre treng slå på lyset, krevst det om lag 30 arbeidstimar når vi skal ha skikkelig scene i gymsalen vår. Ein heisbar lysrigg vil gjere riggeprosessen betydeleg enklare. Derfor blir dette eit tiltak som både letter arbeidet for dei framsyningane vi brukar å ha, og det senker terskelen for laga andre meir sporadiske arrangement med lokale og tilreisande utøvarar.

Oppgradering kommunale vegar

Det er avsett midler til oppgradering av kommunale vegar.

Investering i aksjer (Eigenkapital KLP)

KLP forvaltar pensjonsmidlane til kommunen, i samband med dette så er det ein årleg auke i kommunen sitt innskot til eigenkapital.

Økonomisk oversikt – drift

Tabell etter drift kostraart

Bevilgningsoversikt - drift (budsjett)	Regnskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
1 Rammetilskudd	80 753 080	77 000 000	82 000 000	82 000 000	81 500 000	81 500 000
2 Inntekts- og formueskatt	74 585 549	70 000 000	75 000 000	75 000 000	76 000 000	76 500 000
3 Eiendomsskatt	11 043 140	10 672 581	10 695 000	10 695 000	16 400 000	16 400 000
4 Andre generelle driftsinntekter	36 086 206	11 964 511	44 233 000	15 750 000	15 750 000	15 750 000
5 Sum generelle driftsinntekter	202 467 975	169 637 092	211 928 000	183 445 000	189 650 000	190 150 000
6 Sum bevilgninger drift, netto	161 145 344	165 528 253	198 585 681	165 750 267	165 873 747	165 750 267
7 Avskrivninger	9 711 109	9 500 000	14 000 000	14 000 000	14 000 000	14 000 000
8 Sum netto driftsutgifter	170 856 453	175 028 253	212 585 681	179 750 267	179 873 747	179 750 267
9 Brutto driftsresultat	31 611 522	-5 391 161	-657 681	3 694 733	9 776 253	10 399 733
10 Renteinntekter	3 844 038	2 000 000	6 161 840	6 176 840	6 176 840	6 176 840
11 Utbytte	2 903 224	2 300 000	2 315 000	2 300 000	2 300 000	2 300 000
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0
13 Renteutgifter	2 659 862	2 900 000	14 956 162	15 489 264	15 222 837	15 198 927
14 Avdrag på lån	8 419 754	10 500 000	13 880 478	13 591 178	14 139 512	15 216 178
15 Netto finansutgifter	-4 332 354	-9 100 000	-20 359 800	-20 603 602	-20 885 509	-21 938 265
16 Motpost avskrivninger	9 711 109	9 500 000	14 000 000	14 000 000	14 000 000	14 000 000
17 Netto driftsresultat	36 990 276	-4 991 161	-7 017 481	-2 908 869	2 890 744	2 461 468
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
18 Overføring til investering	581 701	675 000	675 000	675 000	675 000	675 000
19 Avsetninger til bundne driftsfond	3 868 212	750 000	750 000	750 000	750 000	750 000
20 Bruk av bundne driftsfond	-3 030 960	-1 154 173	-2 429 940	-1 776 218	-1 776 218	-1 776 218
21 Avsetninger til disposisjonsfond	36 307 476	0	0	0	3 241 962	2 812 686
22 Bruk av disposisjonsfond	-736 153	-5 261 988	-6 012 541	-2 557 651	0	0
23 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
24 Sum disponeringer eller dekning av netto drift	36 990 276	-4 991 161	-7 017 481	-2 908 869	2 890 744	2 461 468
25 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0	0	0

Oversikt over gjeld og andre vesentlige forpliktelser

Oversikt lånegjeld	
	2022
Kommunalbanken	Gjeld pr. 31.12
Lån 20030900	588 300
Lån 20060656	266 000
Lån 20070621	2 712 500
Lån 20140773	4 672 450
Lån 20140782	26 564 990
Lån 20150762	8 242 840
Lån 20180614	6 400 000
Lån 20190679	7 649 980
Lån nr 20220247	103 240 000
Sum kommunalbanken	160 337 060
KLP	
Lån 8317.50.44151	18 341 720
Lån 8317.51.86924	310 000
Lån 8317.52.84020	6 800 510
Lån 8317.53.21376	5 227 995
Lån 8317.54.34944	13 275 600
Lån KLP 8317.57.72025	32 666 664
Lån KLP 8317.59.14938	54 474 567
Sum KLP	131 097 056
Totalt	291 434 116

Verksemdsplan 2022

Verksemdsplan og årsbudsjett gjer greie for hovudtrekka i tenesteproduksjonen som er planlagt på tenestoområda i Vestre Slidre kommune i 2023. Planen seier med ord og tabellar/figurar kva som skal gjerast. Årsbudsjettet (se kapitlet over) gjer greie for dei økonomiske rammene for verksemda.

Verksemdsplanen tek utgangspunkt i:

1. tiltak som er beskrevet i Handlingsplanen (fireårs-perspektiv). Handlingsplanen i sin tur legg grunnlag for mål og strategier i det overordna planverket (kommuneplanen sin samfunnsdel og andre overordna planar).
2. føringar for tenesteproduksjon, myndeforvaltning og samfunnsutvikling som er naudsynt å handtere i eit ettårs perspektiv, og som ikkje er gjort greie for i planverket – altså utfordringar som kjem undervegs.
3. føringar som er kome fram gjennom arbeidsprosess og prioriteringar som administrasjonen har gjort framlegg om samt innspel frå dei kommunale råda.

Verksemdsplanen for kommunen er bygd på tenestoområda med tilhørande funksjonar og tenester. Verksemdsplanen syner kva tenester kommunen produserer, rammene og måla for tenesteproduksjonen, ambisjonar for utvikling mv. I Vestre Slidre kommune er tenestene fordelt på desse tjenestoområdene:

- Politisk styring Administrasjon
- Stab/økonomi
- Helse og oppvekst
 - Barnehage
 - Grunnskule
 - Kulturskule
 - Kultur, frivillighet, inkludering og aktivitet for barn og unge
 - Pedagogisk avdeling, Leirskule
 - Barnevern
 - Førebygging og behandling
 - Pleie og omsorg - sjukeheimen
 - Heimetenesta
 - Miljøtenesta
- Plan, teknisk, miljø og samfunnsutvikling
 - Kommunale bygg
 - Teknisk drift
 - Teknisk forvaltning

Intensjonen til verksemdsplanen er å informere om og gje oversikt over det vesentlege i den kommunale verksemda. Planen syner korleis kommunen sine ressursar blir prioritert basert på dei folkevalgte si styring av ressursbruken. Verksemdsplanen skal gje innbyggjarar og omverda moglegheit til innsyn i korleis kommune sine ressursar blir anvendt til tenesteproduksjon, myndeforvaltning og samfunnsutvikling.

Neste års (2023) tenesteproduksjon innanfor tenestoområda har følgande underkapitler:

- Funksjonar og tenester innanfor tenestoområdet – kort omtale av kva for type tenester kommunen produserar og yter til innbyggjarane.

- Målgrupper for tenestene – seier noko om kva for målgrupper som er mottakar av dei aktuelle tenestene.
- Utvikling i nøkkeltal – syner utvikling i viktige nøkkeltall innanfor tenesteområdet.
- Mål for tenesteproduksjonen .
- Organisering av tenesteproduksjon – kort om kven som har ansvar for at dei aktuelle tenestene på tjenesteområdet blir produsert og levert.
- Planlagt utviklingsarbeid i 2023 – utviklingsarbeidet som er planlagt gjennomført for å forbetre eksisterande tenester og eventuelt utvikle nye.

Planverket

Vestre Slidre kommune har planverk i henhold til eigen planstrategi (jfr. plan- og bygningsloven). Planverket er styringsgrunnlaget for den samla verksemda i kommunen. Planstrategi og planverket er beskrevet og finnes på kommunens hjemmeside. Tjenesteproduksjonen på hver enkelt tjeneste innenfor tjenesteområdene (se under) foregår i medhald til mål og rammer. Det har vore arbeid med mål om å få ein tydelegare samanheng mellom kommunen sine overordna planar og handlings- og økonomiplanen. Dette arbeidet er ikkje i mål og blir arbeid vidare med i dei komande åra. Det er m.a. ein jobb att å gjere med mål for tenesteområda og indikatorar som er til hjelp for å måle om vi arbeider i retning mot god måloppnåing. Mål og indikatorar skal ta utgangspunkt i dei overordna planane sine målsettingar.

Organisering av virksomheten

Politisk organisering

Kommunen si organisering av det politiske arbeidet syner korleis dei folkevalde representantane og representantar oppnevnt av dei folkevalde, er fordelt i styrar, komitéar, råd og utvalg. Kommunen si politiske organisering er omtalt på kommunen sin nettstad.

Kommunestyret har vedteke å innføre kommunestyrekomiteer i neste kommunestyreperiode dvs frå hausten 2023.

Administrativ organisering

Kommunen si administrative organisering er omtalt og gjort greie for på kommunen sin nettstad. Det er i 2022 gjennomført ei endring av struktur og leiing på overordna nivå. Helse og omsorg og oppvekst og kultur er slått saman til Helse og oppvekst. Endringa er gjort for å få ei felles leiing for tenesteområder som arbeider med dei same brukergruppene, særleg er det her tenkt i på barn, unge og familier. Det er ei målsetting at strukturen skal gje gode rammer for å arbeide med førebygging. Området Landbruk, teknisk og næring har fått nytt namn og heiter no Plan, teknisk, miljø og samfunnsutvikling. Området har fått eigen kommunalsjef.

Personaloversikt

Oversikten viser omfanget av personalressurser som benyttes i tjenesteproduksjonen i kommunen.

	Vedtak 2022	Endring i 2022	Status før budsj.prosess 2022	Endring budsjett 2023	Endelig budsjett 2023
	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall
Administrasjon	12,5	0,0	12,5	0,2	12,7
Oppvekst og kultur	77,4	0,0	77,4	1,8	79,2
Helse og omsorg	95,5	0,0	95,5	0,6	96,1
Plan, teknisk, miljø og samfunnsutvikling	25,6	0,0	25,6	-0,6	25,0
TOTALT	211,0	0,0	211,0	2,0	213,1

Virksomhetsplan per tjenesteområde

Politisk styring, råd og utval

Funksjon 100- politisk styring- inneheld tenestene:

- 10000 - Kommunestyre og formannskap
- 10010 – politisk råd og utval
- 10030 – val
- 10040 – støtte til politisk parti
- 18040 - råd for brukarmedverknad
- 18050 - ungdomsråd

I tenestene inngår godtgjersle til folkevalde og utgifter til møteavvikling. Utgifter til interkommunale og regionale politiske råd og samarbeidstiltak inngår, utgifter knyttet til avvikling av kommune-, fylkes-, og stortingsval i kommunen.

Administrasjonen- stab og støtte

Funksjon 110- kontroll og revisjon- inneheld tenestene:

- 11000- kontrollutval og revisjon

Tenestene omfatter arbeid med kommunen sitt kontrollutval etter kommunelova kapittel 23 og revisjon etter kommunelova kapittel 24. Møtegodtgjersle og andre utgifter til møteavvikling i kontrollutvalet, kontrollutvalsekretariatet og utgifter til rekneskapsrevisjon og forvaltingsrevisjon.

Funksjon 120 Administrasjon inneheld tenestene:

- 12000- rådmannsfunksjonen
- 12010 – felles administrasjon
- 12020 – økonomiavdelinga
- 12030 – IKT

Målgrupper for tenestene:

Felles for dei administrative tenestene er at målgruppa i stor grad er organisasjonsinterne. Dei administrative tenestene skal leie, administrere, støtte og legge til rette for tenesteproduksjonen

som vert utført i sektorane til kommunen sine innbyggjarar, slik at tenestene når sine mål. Til området ligg og informasjonsarbeid ut til omverda.

Mål for tenesteproduksjonen

- Gjere einingane mindre sårbare personellmessig
- Sikre lik sakshandsaming
- Bidra til å sikre rett kompetanse i organisasjonen
- Sikre god informasjon ut til omverda

Organisering av tenesteproduksjonen

Området er består av to einingar,

Økonomi og rekneskap

Økonomi og rekneskap har ansvaret for kommunen sitt budsjett, rekneskap, økonomifunksjonar, støttetjenester til tenesteområde og einingar.

Personal, service og kommunikasjon

Personal, service og kommunikasjon bidreg med støttetjenester på fleire område. Dei ivaretek og vidareutvikler overordna arbeidsgjeveroppgåver og er ei fagleg støtte for kommunen sine leiarar innanfor personalarbeid. Eininga har ansvaret for lønsarbeid. Vidare er publikumsservice, informasjonsarbeid, arkiv lagt til eininga. Leiar i eininga er fast stedfortredar for kommunedirektør.

Plan utviklingsarbeid 2023

- Kartleggja digitaliseringsgevinstar og lage plan for å hente ut gevinstane
- Vidareutvikle innbyggardialog
- Utarbeide kompetanseplanar
- Håndbok for tilsette, leiaropplæring, tilsettopplæring

Barnehage

Funksjon 201 Barnehage- som inneheld teneste

- 20100– Røn naturbarnehage
- 20110- Slidre barnehage

Funksjon 211 Styrka tilbod til førskuleborn – som inneheld teneste

- 21100 – Styrka tilbod til førskuleborn

Funksjon 221- skyss barnehageborn- som inneheld teneste

- 22110- Skyss

Utvikling i nøkkeltall

		2017	2018	2019	2020	2021
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (prosent)	Landet	50,1	49,9	50,1	50,0	50,0
	Vestre Slidre	.	.	.	100,0	100,0
Antall barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehager (antall)	Landet	6,0	5,9	5,7	5,7	5,7
	Vestre Slidre	.	.	.	5,1	5,2
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning (prosent)	Landet	38,2	39,8	40,7	41,6	42,0
	Vestre Slidre	.	.	.	47,3	39,8
Andel barn i kommunale barnehager som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)	Landet	3,6	3,7	3,9	4,0	4,2
	Vestre Slidre	.	.	.	:	:
Andel barn i private barnehager som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)	Landet	2,5	2,6	2,8	2,8	3,1
	Vestre Slidre
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år (prosent)	Landet	80,3	82,8	83,9	85,3	86,9
	Vestre Slidre	.	.	.	58,3	69,2
Korrigerede brutto driftsutgifter til barnehager (f201, f211, f221) per korrigerede oppholdstimer i kommunale barnehager (kr)	Landet	70,4	75,1	79,5	78,5	87,4
	Vestre Slidre	.	.	.	66,8	75,5
Korrigerede brutto driftsutgifter f201 per korrigerede oppholdstimer i kommunale barnehager (kr)	Landet	55,9	59,6	63,1	61,6	68,5
	Vestre Slidre	.	.	.	61,6	69,2
Netto driftsutgifter barnehager i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	Landet	14,5	14,4	14,4	14,2	14,4
	Vestre Slidre	.	.	.	7,5	8,3
Netto driftsutgifter barnehager, per innbygger 1-5 år (kr)	Landet	145125	154317	164473	170168	185181
	Vestre Slidre	.	.	.	147179	150607

Antal barn 1-5 år:

	2018	2019	2020	2021
1 år	10	10	14	14
2 år	14	14	12	19
3 år	18	15	18	13
4 år	11	19	14	18
5 år	23	11	19	14

Nøkkeltal

	2019	2020	2021
Antall barn i barnehage	34+35=69	39+38=77	41+37=78
Antal plasser barn pr barnehagelærer jfr. Udir			12,9
Antal plasser barn per ansatt jfr Udir			5,2

Målgruppe for tenesten

Målgruppe for tjenestene er alle barn i førskolealder i Vestre Slidre kommune.

Mål for tenesteproduksjonen

- La barn og unge møte eit heilskapleg og samanhengande tverrfagleg støtteapparat som ivaretek den einskilde og sikrar rette hjelp til rett tid.
- Vidareutvikle barnehagane for å ivareta barnets behov for omsorg og leik, samt fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

- Styrke barn og unges identitet og kjensle av å høyre til i Vestre Slidre gjennom natur – og kulturopplevingar.
- Legge til rette for eit godt samarbeid og dialog med relevante samarbeidspartnarar, og medverke til interkommunal og regional samhandling på ulike nivå.

Organisering av tenesteproduksjonen

Barnehage	Antal avd	Areal	Antal plassar
Slidre bhg	3	272 m2	54
Røn nat.bhg	3	345 m2	54

Plan utviklingsarbeid 2023

Jfr strategiplan for barnehagar så jobbar barnehagane med satsingsområdet «barnehagen som pedagogisk verksemd» som er eit av 4 området i denne planen.

I tillegg så jobbar alle avdelingar med eigne relevante tema, som vi får veiledning frå Høgskulen i Innlandet på.

Grunnskule

Funksjon 202 Grunnskule- som inneheld teneste

- 20200 – Grunnskuleundervisning
- 20210 – Spesialpedagogiske tiltak(PPT)

Funksjon 215 skulefritidsordning – som inneheld teneste

21500 – skulefritidsordning

Funksjon 223 – skuleskyss -som inneheld teneste

- 22300 – skyss til og frå skule

Utvikling i nøkkeltall

Nøkkeltal Vestre Slidre skule		2017	2018	2019	2020	2021
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall)	Landet	33,7	32,5	31,5	31,2	30,5
	Vestre S				47,5	32,3
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	Landet	133,6	136,1	138,8	142,9	144,4
	Vestre S				153,7	130,8
Elever i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norskopplæring (prosent)	Landet	7,1	6,6	6,4	6,3	6,3
	Vestre S				3,4	4,6
Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)	Landet	7,8	7,9	7,7	7,7	7,8
	Vestre S				4,6	5,0
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	Landet	73,4	74,2	75,5	73,2	73,1
	Vestre S				74,2	95,8
Gruppestørrelse 2 (antall)	Landet	16,8	16,5	16,0	15,8	15,6

	Vestre S				14,5	13,8
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	Landet	41,4	41,7	41,9	43,1	43,2
	Vestre S				44,0	44,7
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samlede netto driftsutgifter (prosent)	Landet	22,5	22,5	22,4	21,9	22,5
	Vestre S				21,3	24,7
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (kr)	Landet	108033,8	113013,9	118056,0	118837,9	128272,3
	Vestre S				143991,8	167793,7

Målgruppe for tenesta

Tenestene i tenesteområdet skule blir gitt til målgruppene slik:

- Grunnskuleteneste til alle barn og unge i Vestre Slidre i alderen 6 – 16 år.
- Skulefritidstilbodet for barn på 1.-4. trinn i grunnskulen samt på 5.-7. trinn for barn med spesielle behov.
- PPT tilrettelegging for elevar med spesielle behov.

Mål for tenesteproduksjonen – mål 2023

Indikatorar på tenestekvalitet	Resultat 2022	Mål 2023
Elevundersøkinga Vestre Slidre skule skal fremme god sosial kompetanse og jobbe for å vera ein inkluderande læringsarena som legg til rette for samarbeid og fellesskap. Det skal vera nulltoleranse for mobbing og anna krenkjande åtferd (mål henta frå skulen sin utviklingsplan).	Mobbing 7. klasse: 0% Mobbing 10. klasse: 0%	Mobbing 7. klasse: 0% Mobbing 10. klasse: 0%
Nasjonale prøver og grunnskulepoeng Elevane ved Vestre Slidre skule skal : -ha grunnleggjande dugleikar innan lesing, skriving, rekning, digitalt og munnleg på sitt nivå. - i alle fag arbeide aktivt med kjerneelement, djupnelæring og fagrelevans innan læreplana LK20 -gjennom opplæringa gje elevane motivasjon, og høve til å skape, vise kreativitet og utforskartrøng	Lesing 5. klasse-andel elevar nivå 1: 13,3	Lesing 5. klasse-andel elevar nivå 1: <20
	Rekning 5. klasse-andel elevar nivå 1: 20	Rekning 5. klasse-andel elevar nivå 1: <20
	Engelsk 5. klasse-andel elevar nivå 1: 13,3	Engelsk 5. klasse-andel elevar nivå 1: <20
	Lesing 8. klasse-andel elevar nivå 1 og 2: 4,2	Lesing 8. klasse-andel elevar nivå 1 og 2: <20
	Rekning 8. klasse-andel elevar nivå 1 og 2: 4,2	Rekning 8. klasse-andel elevar nivå 1 og 2: <20
	Engelsk 8. klasse-andel elevar nivå 1 og 2: 20	Engelsk 8. klasse-andel elevar nivå 1 og 2: <20
	Lesing 9. klasse-andel elevar nivå 1 og 2: 14,8	Lesing 9. klasse-andel elevar nivå 1 og 2: <15

(mål henta frå skulen sin utviklingsplan)	Rekning 9. klasse-andel elevar nivå 1 og 2: 11,1	Rekning 9. klasse-andel elevar nivå 1 og 2: <15
	Grunnskulepoeng: 44,7	Grunnskulepoeng: 43
	Spesialundervisning: 5 %	Spesialundervisning: 8 %
Vestre Slidre skule skal ha formålstenelege og framtidretta læremiddel (mål henta frå skulen sin utviklingsplan)	Digitale tavler i alle klasserom Digital tilgang til A-univers og andre læringsressursar Nye læreverker i fleire fag	Nye læreverker i alle fag, digital tilgang til A-univers og andre læringsressursar
Kommunen ansvar for å vedlikehalde og utvikle kvaliteten i skulen gjennom kompetanseutvikling for personalet (Plan for skulebasert kompetanseutvikling)	Etter- og vidareutdanning: 1 lærar Engelsk 30 stp 1 lærar lærarspesialist i begynneropplæring Rektor vidareutdanning Juss for leiarar	Etter- og vidareutdanning: 1 lærar Engelsk 30 stp 1 lærar- Samfunnsfag 30 stp 1 lærar- Norsk 30 stp Sosial pedagogisk rådgjevar - tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge Assisterande rektor- rektorutdanning

Organisering av tenesteproduksjonen

Tenestene er organisert i sektoren helse og oppvekst

- Vestre Slidre skule
- Pedagogisk psykologisk teneste
- Kulturskulen

Plan utviklingsarbeid 2023

Utviklingsarbeid i 2023 innanfor tenesteområdet Skule vil i særleg grad vera:

- Fullføre arbeidet med kompetansepakka Trygt og godt skulemiljø
- Halde fram med satsinga om vurdering på ungdomssteget og om elevmedverknad på barnsteget
- Oppvekstløftet; Valdreskommunane skal styrke si samhandling og forebyggjande innsats for at fleire barn og unge i Valdres skal få riktig og koordinert hjelp til rett tid.
- Dekomp; Skape eit verdiløft i skulen gjennom arbeidet med fagfornyinga, med fokus på varierte undervisningsmetoder, vurdering og læringsmiljø i samhandling med barnehage, vidaregåande skule, PPT og andre støttefunksjonar
- Samarbeidet heim-skule

Kulturskule

Funksjon 382- Kulturskule - som inneheld teneste

- 38300- Kulturskule

Målgruppe for tenestene

Kulturskolen er eit ressurscenter for kultur i kommunen. Til skilnad frå ei gammaldags kulturskuleforståing – med fokus berre på dei betalende elevane – har kulturskulen nå i tillegg eit

innbyggjarfokus og brukast som ressurs mot alle aldersgrupper. Hovudtyngda av arbeidet er likevel undervisning av registrerte elevar i alderen 4-19 år.

Utvikling i nøkkeltall

		2017	2018	2019	2020	2021
Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	Landet	4,0	4,0	4,2	4,1	4,3
	Vestre Slid	.	.	.	3,8	4,6
Barn 6-15 år i kommunens kulturskole (prosent)	Landet	13,3	13,2	13,3	13,1	12,8
	Vestre Slid	.	.	.	46,8	48,6

	2021	2022
Lærarar	22	20
Elevplassar	169	170
Elever (unike personar)	116	110
Elever i grunnskolealder	102	99
% av barn i grunnskolen	47%	48%
Fagtilbod	25	24

Mål for tenesteproduksjonen

Kulturskolen skal:

- gje alle, men spesielt born og unge oppleving av meistring og av å vere verdsett i eige lokalmiljø.
- gje alle, og spesielt born og unge optimale moglegheiter til å danning og utvikling innan eit breitt spekter av kulturuttrykk og skapande aktivitetar.

I tillegg til undervisning av eigne elevar søker kulturskolen å ha kapasitet til å støtte opp om andre tenester sine aktivitetar og å gi støtte til bygdas frivillig lag og organisasjonar.

Organisering av tenesteproduksjonen

Institusjonstenestane er organisert i sektoren helse og oppvekst

- Undervisning av elevar
- Resursleverandør til andre tenester
- Resursleverandør til lokale frivillige organisasjonar

Plan utviklingsarbeid 2023

Kulturskolen jobbar med å utvikle verdigrunnlag og praksis i samsvar med «Rammeplan for kulturskolen – Fordypning og mangfold» Denne vart i 2017 vedteke – av kommunestyret – som styrande for Vestre Slidre kulturskule.

Gjennomføre Kulturskolerådets utviklingsprogram innan kulturskolebasert vurdering for læring: KulVFL.

Kultur, frivillighet, inkludering og aktivitet for barn og unge

Funksjon 231- Aktivitet til barn og unge - som inneheld teneste

- 23100 – Aktivitetstilbod for born og unge

Tilbod:

Ungdomsklubben held vi open ein kveld i veka med 2 ungdomsarbeidarar. Klubben kan og ha aktivitetar utanfor lokalet ved å arrangere Paintball, og aktivitetar i gymsalen. Nokre gonger er klubben i Kulturkafeen med brettspel og pizza- kveld.

Ut på tur er eit svært populært tilbod om formidling av friluftsliv og aktivitetar på Brennabu ein ettermiddag i veka. Vi kjøper denne tenesta av Brennabu leirskule av prosjektmidlar frå Bufdir. Når desse midlane er brukt opp kan det vera behov for pengar over det budsjettet, slik at alle 4 klassingar får tilbodet og fatte interesse for friluftsliv.

Laurdagar med gratis **heiskøyning** for barn og unge 5-10 trinn. På Vaset blir det eit tilbod 3 laurdagar denne sesongen. Mildar til dette kjem frå gåver og prosjektmidlar i samarbeid med psykisk helse .

Aktive laurdagar 1 gong pr mnd med ope bibliotek, Kulturkafé og symjehall, samt nokre gonger open BUA og ungdomsklubb i tillegg. Dette er eit samarbeid mellom tilsette og frivillige lag og organisasjonar. Større kostnad til tilsette på teknisk og kultur samt til oppvarming av basseng og reinhald.

Kulturkontoret lagar ein **timeplan for bruk av kulturhuset** som står til gratis disposisjon for frivillige lag og organisasjonar som har aktivitet for barn og unge

Kulturkafeen er lagt til rette for barn og unge og blir brukt av Frivilligsentralen bl.a. til leksehjelp og småbarnstreff. Ungdomsklubben har sin klubb i kafeen ein onsdag i veka. Frivillige lag og organisasjonar har lokalt til disposisjon for sine møter til det beste for barn og unge

Gangen i kulturhuset bør bli meir tilrettelagt for ungdom som ventar på aktivitet, eller ventar på å bli henta av foreldra i tida kl. 14.45-20.00. **Toaletta** i kulturhuset bør oppgraderast med måling m m .

Funksjon 365 - Kulturminneforvaltning - som inneheld teneste

- 36500 – kulturminneforvaltning

Kommunen har kvart år oppgåver med skjøtsel av kulturminne j f Kulturminneplan

Funksjon 370 - Bibliotek - som inneheld teneste

- 37000 – bibliotek

Skule og folkebibliotek har 85 % stilling. Då er biblioteket betjent for publikum. Låneautomaten kan brukast i og utanom arbeidstida.

- 37010 – bibliotek Slidreøya

Biblioteket på Slidreøya er betjent med 15 % stilling to halve dagar i veka. Det vert gjeve eit statstilskot til drift av dette biblioteket.

Funksjon 375 – Museum - som inneheld teneste

- 37500 – museum

Kommunen gjer eit tilskot til Valdres folkemuseum

Funksjon 377 – Kunstformidling - som inneheld teneste

- 37700 - kunstformidling/tiltak kulturmidlar

Nominasjon og utdeling av den årlege **kommunale prisen**, samt utdeling av **kulturmidlar** til frivillige lag og organisasjonar som søker om tilskot. Potten er i år auka etter oppmoding frå kommunestyret. Det vert og gjeve eit tilskot til **4 dagsfesten** til unge vaksne slik at eigenandelen ikkje skal bli for høg. **Historielaget** får dekt utgifter til formidling av kulturminne for 8 trinn. Andre **arrangement** som blir arrangert av oss eller andre.

Funksjon 385- Andre kulturaktivitetar - som inneheld teneste

- 38500- Kulturadministrasjon

Er administrasjonen og leiding av kultur, ungdoms-og kulturkonsulent og ungdomsarbeidar

- 38510 – frivillighetssentral

Får eit årleg tilskot frå staten viss kommunen har fast 100% stilling

- 38520 – Kulturkafeen

Kulturkafeen er og ein fin møtestad for nye innbyggjarar og gjev mogelegheit for nettverksbygging. Uteområdet ved kulturkafeen treng eit lyft med tilrettelegging for møteplass og leikeplass ute, dette som ein forlenging av kafeen og det miljøet som er skapt inne.

- 38530 – BUA Vestre Slidre

Vi abonnerar på eit utlånssystem som er landsomfattande. Detter vi godt nógde med, då det helt god kontroll på utlån og kor utstyret er til ein kvar tid. Bua har bra med utsyr no, men det er og behov for vedlikehald for sikkerheit og for å behalde utstyret.

- 27500 Inkludering/introduksjonsordning

